



Ulla Skulehus
Skjpa 11. april 2009

Haramsøy
Bygd i 1886

ÅRSMELDING 2013/2014

1. Årsmøte 14. juni 2013

Årsmøtet vart halde på skulehuset.

2. Styremøte 2013/2014

Styret har hatt 1 møte siste året.

3. Kulturelle aktivitetar

Vi har hatt ein kulturell aktivitet i 2013. Magne Åkre hadde fotoutstilling på skulehuset under Ullafesten. Dessutan vart skulehuset nytta til kviss-konkurransse fredag på Ullafesten. Kanskje dette kan bli ein tradisjon? Elles vart skulehuset nytta til eit arrangement i samband med slektstreff for Jubb-slekta 29. juni 2013.

4. Dugnad og vedlikehald

Peder måla eit strøk med kvitt på sør- og vestveggen. Skade på vestveggen etter stormen er reparert. Elles er det ikkje gjort så mykje siste året, men vi har kjøpt inn vannstokkar og bordkledning til å vøle nedste borda på vest- og austveggen.

5. Økonomi

Vi har pr 30. april 2014 til saman 74 medlemmer. Det er ein auke på 4 medlemmer sidan siste årsmøte. Vi hadde inntekt av medlemskontingent og sal av vaflar og kaffi i samband med Ullafesten. I siste året var det eit overskot på drifta på kr 29 921,25. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2014 var det kr 57 735,25 innestående på bankkontoen. Sjå rekneskap for 2013/2014.

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: ullanett.com

For styret 10. mai 2014

Knut Hallvard Ulla
styreleiar og kasserar